

1998-12-31 nr 1480: Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe.

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i brukeravtalen.

DATO: 31.12.1998 nr. 1480
DEPARTEMENT: LD (Landbruksdepartementet)
AVD/DIR: Avdeling for matproduksjon og helse
PUBLISERT: Avd I 1998 2482
IKRAFTTREDELSE: 01.01.1999
SIST-ENDRET:
ENDRER:
GJELDER FOR: Norge
HJEMMEL: L08.06.1962 nr. 4 § 3

INNHold

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe.
Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar

- § 1. *Formål*
- § 2. *Virkeområde*
- § 3. *Definisjonar*

Kapittel II. Allmenne vilkår

- § 4. *Opphav*
- § 5. *Identifikasjon*
- § 6. *Helsesertifikat*
- § 7. *Transport*

Kapittel III. Krav til helsestatus

- § 8. *Generelt*
- § 9. *Munn- og klauvsjuka*
- § 10. *Smittsam agalakti*
- § 11. *Byllesjuka*
- § 12. *Paratuberkulose*
- § 13. *Lungeadenomatose og Caprin artritt og encefalitt (CAE)*
- § 14. *Smittsam epididymitt*
- § 15. *Brucellose*
- § 16. *Mædi/visna*
- § 17. *Skrapesjuka*
- § 18. *Unntak for slaktedyr*
- § 19. *Erklæring frå eigar*

Kapittel IV. Avsluttande vilkår

- § 20. *Tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel*
- § 21. *Utgifter*
- § 22. *Fritak*
- § 23. *Sikringstiltak*
- § 24. *Straffevilkår*
- § 25. *Iverksettjing og overgangsordningar*

Vedlegg A. Administrative einingar tilsvarande region

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe.

Fastsett av Landbruksdepartementet 31. desember 1998 med heimel i lov av 8. juni 1962 nr. 4 om tiltak mot dyresjukdommer (husdyrloven) § 3, jf. EØS-avtalen vedlegg I (Rdir. 91/68/EØF og Rdir. 72/462/EØF).

Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar

§ 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å førebyggje spreiding av smittsame sjukdommar i samband med innførsel og utførsel av levande småfe.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld dei dyrehelsemessige vilkåra ved innførsel og utførsel innanfor EØS, samt innførsel frå tredjeland av levande småfe.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med:

- 1. *Småfe*: Levande dyr av sau og geit.
- 2. *Avls- eller produksjonsdyr*: Småfe som skal nyttast i avl, mjølke- eller kjøtproduksjon.
- 3. *Slaktedyr*: Småfe som ved innførsel eller utførsel skal sendast rett til slakteri.
- 4. *Driftseining*: Ei landbruksverksemd der det jamt vert halde eller alt opp dyr, eller ei offentleg godkjent verksemd for forretningsmessig omsetnad av dyr.
- 5. *Buskap*: Alle dyr innanfor same driftseining med slik kontakt at smitte kan overførast, også indirekte.
- 6. *Region*: Eit område av eit land som er minst 2000 km², som er under offentleg veterinærkontroll og som inneheld minst ein av dei administrative einingane som er nemnt i vedlegg A til denne forskrifta.
- 7. *Epizootifri sone*: Eit område rundt eksportbuskapen med ein diameter på 20 km der det dei siste 30 dagane ikkje har vore utbrot av munn- og klauvsjuke, smittsamt blæreutslett eller smittsam griselammelse.
- 8. *Offentleg veterinær*: Veterinær som er gjeven offentleg mynde av kompetent sentral styresmakt i det aktuelle landet.
- 9. *Offentleg godkjent laboratorium*: Eit laboratorium som er godkjent i avsendarlandet til å utføre dei diagnostiske testane som er omtala i denne forskrifta.
- 10. *Offisielt brucellosefri driftseining*: Driftseining som tilfredsstiller Rdir. 91/68/EØF vedlegg A, kap. I med omsyn til vaksinasjonsforbod, fråvær av sjukdom og testingregime.
- 11. *Tredjeland*: Land som verken er medlem av Den Europeiske Union eller som gjennom EØS-avtalen har inngått avtale med EU om handel med småfe.

Kapittel II. Allmenne vilkår

§ 4. Opphav

Småfe som skal innførast eller utførast skal ha vore fødde og alte opp innanfor EØS og komma frå driftseining som er godkjent av kompetent styresmakt og som er registrert i eit offentleg register jamfør forskrift om kontroll av

levende dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall ved innførsel til Norge. Dei skal i 30 dagar før sending eller sidan fødsel ha opphalde seg på same driftseining som skal liggje i ei epizootifri sone.

Det er berre tillate å innføre småfe frå tredjeland eller område av tredjeland som er godkjende i samsvar med Rdir 72/462/EØF. Liste over godkjende tredjeland og område av tredjeland framgår av vedlegg B. Avls- eller produksjonsdyr skal ha opphalde seg i avsendarlandet samanhangande i minst 6 månader eller sidan fødsel, og slaktedy minimum 3 månader eller sidan fødsel.

§ 5. Identifikasjon

Småfe skal vere merkte med øyremerke eller annan identifikasjon som er godkjent i avsendarlandet.¹ Det einskilde dyret skal vere identifisert og registrert slik at det er råd å finne attende buskapen det kom frå.

¹ Jf. forskrift av 31. desember 1998 nr. 1481 om merking og registrering av dyr.

§ 6. Helsesertifikat

Med småfe skal det følgja eit helsesertifikat i original skrive ut av den lokale offentlege veterinæren på eit standardformular utarbeida eller godkjent av Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltinga. Sertifikatet skal vere på berre eitt ark og minst på dei språka som blir nytta i avsendar- og mottakarlandet. Kvart helsesertifikat må berre omfatta dei dyra som blir transporterte med same transportmiddel, og som skal frå ein og same driftseining til ein mottakar. For handel innanfor EØS skal helsesertifikatet skrivast ut etter inspeksjon utført maksimum 48 timar før sending. Ved innførsel frå tredjeland skal helsesertifikatet skrivast ut på dagen for lastinga. Helsesertifikatet er gyldig i 10 dagar.

§ 7. Transport

Transport av småfe skal foregå på ein slik måte at det ikkje blir smittemessig kontakt med andre klauvdyr. Transportmiddel skal vaskast og desinfiserast med eit godkjent desinfeksjonsmiddel både før og straks etter transporten, ved eit godkjent anlegg for vask og desinfeksjon. Avføring, avfall, fôr eller andre ting må ikkje falle av under transporten, og skal deretter takast hand om og destruerast.

Med transporten skal det følge med skriftleg dokumentasjon om tidspunkt for lessing og lossing, kor mange dyr og stad og tid for vask og desinfeksjon.

Det skal også følge med ei skriftleg fråsegn om at sjåførar og anna hjelpepersonell er kompetente og har den naudsynte opplæring.

Kapittel III. Krav til helsestatus

§ 8. Generelt

Dyra skal ikkje visa teikn på sjukdom ved sending.

Dyra skal ikkje vere pålagde nedslakting i samband med nedkjempingsprogram for smittsam sjukdom, og ikkje komma frå ei driftseining som er pålagt offentlege restriksjonar. Dyra skal heller ikkje være kontaktdyr til slike driftseiningar.

Dersom det har vore utbrot av rabies, brucellose eller miltbrann i besetninga skal alle sjuke og mottakelege dyr vere slakta og det skal vere følgjande fristar før ein igjen kan føre dyr ut av driftseininga: For rabies 30 dagar, brucellose 42 dagar og miltbrann 15 dagar.

Ved innførsel frå tredjeland skal dette i dei siste 12 månadene ha vore fritt for kvegpest, bluetongue, smittsam caprin pleuropneumoni, småfepest, epizootic haemorrhagic disease, sauekopper, geitekopper og Rift Valley feber og dei siste 6 månadene fritt for vesikulær stomatitt. Dyra skal heller ikkje ha vore vaksinerte mot dei nemnde sjukdommane.

Der det er krav om testing, skal testane vera utførte i samsvar med Rdir. 91/98/EØF ved eit godkjent laboratorium.

§ 9. *Munn- og klauvsjuka*

Småfe skal komma frå driftseining som ikkje har hatt utbrot på 2 år og ikkje er pålagde restriksjonar når det gjeld munn- og klauvsjuka. Det må gå fram av helsesertifikatet at dyra ikkje har vore vaksinerte.

Ved innførsel og utførsel av småfe innanfor EØS eller ved innførsel frå tredjeland som har vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra, men der ein i dei siste 12 månadene har vaksinert mot munn- og klauvsjuka, skal dyra:

- 1) ikkje vere vaksinerte og reagere negativt på virus- eller antistofftest,
- 2) ha vore isolerte i avsendarlandet enten på ei driftseining eller karantenestasjon i 14 dagar under overvaking av offentlig veterinær. Ingen andre dyr i eininga eller på stasjonen må ha blitt vaksinerte dei siste 21 dagane og heller ingen andre dyr må ha blitt førte inn enn dei som skal sendast,
- 3) setjast i karantene i 21 dagar i mottakarlandet.

Ved innførsel og utførsel av småfe innanfor EØS frå land som ikkje har vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra, gjeld andre ledd tilsvarande. Det er likevel ikkje tillate å nytta driftseininga til karantene.

§ 10. *Smittsam agalakti*

Småfe skal komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist smittsam agalakti (*Mycoplasma agalactiae*, *Mycoplasma capricolum*, *Mycoplasma mycoides* var. *mycoides*) hjå småfe dei siste 6 månadene.

§ 11. *Byllesjuka*

Småfe skal komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist byllesjuka (caseøs lymfangitt) dei siste 12 månadene.

§ 12. *Paratuberkulose*

Småfe skal komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist paratuberkulose dei siste 12 månadene.

§ 13. *Lungeadenomatose og Caprin artritt og encefalitt (CAE)*

Småfe skal komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist lungeadenomatose eller CAE dei siste 3 åra. Dersom driftseininga har slakta ut infiserte dyr og resten av dyra er seronegative i to påfølgjande testar for CAE, kan dyret komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist CAE det siste året.

§ 14. *Smittsam epididymitt*

Verar skal komma frå driftseining der det ikkje har vore påvist smittsam epididymitt (*Brucella ovis*) dei siste 12 månadene. Dyra må ha hatt opphald i driftseininga dei siste 60 dagar og ha gjennomgått serologisk testing med negativt resultat i løpet av dei siste 30 dagane før sending. Dette gjeld ikkje dyr som er kastrerte.

§ 15. *Brucellose*

Småfe som kjem frå land eller område som ikkje er offisielt fri for brucellose skal ikkje innførast til Norge utan at dei er blitt testa med omsyn på brucellose (*Brucella melitensis*). Prøvetaking skal skje i samsvar med retningslinjer gjevne i Rdir. 91/68/EØF.

§ 16. *Mædi/visna*

Småfe skal komma frå ein buskap der det ikkje har vore påvist mædi/visna dei siste 3 åra. Denne perioden kan reduserast til 12 månader dersom driftseininga har slakta ut infiserte dyr og resten av dyra i to påfølgjande testar er negative for mædi/visna.

§ 17. *Skrapesjuka*

Småfe skal komma frå ein buskap der det ikkje har vore påvist skrapesjuka dei siste 2 åra. Buskapen må vere underlagt offentlig kontroll der dyra blir systematisk observerte og histologisk undersøking av eldre slaktedyr inngår.

§ 18. Unntak for slaktedyr

Vilkåra i §§ 10-14 gjeld ikkje ved innførsel og utførsel av slaktedyr.

§ 19. Erklæring frå eigar

Dyra skal følgast av eit skriftleg fråsegn frå eigaren om at dyra oppfyller krava i §§ 10-13 og 16.

Kapittel IV. Avsluttande vilkår

§ 20. Tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel

Dyra og dokumenta som følger disse skal kontrollerast ved innførsel og utførsel i samsvar med forskrift om tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel av levande dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall.

§ 21. Utgifter

Alle utgifter i samband med inn- og utførsel av levande småfe er uvedkommande for det offentlege.

§ 22. Fritak

Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltinga, kan frita frå krava i denne forskrifta og setja vilkår for slikt fritak.

§ 23. Sikringstiltak

Landbruksdepartementet kan på kort varsel og utan vederlag til importør eller eksportør, stoppa innførsel eller utførsel av småfe dersom særskilde tilhøve når det gjeld avsendarlandet sin dyrehelsesituasjon eller andre tilhøve skulle tilseie det.

§ 24. Straffevilkår

Brot på vilkåra som er gjevne i denne forskrifta er straffbart jamfør husdyrlova § 19.

§ 25. Iverksetjing og overgangsordningar

Denne forskrifta blir sett i verk 1. januar 1999.

Vedlegg A. Administrative einingar tilsvarande region

Norge	fylke
Danmark	Amt
Sverige	län
Finland	Lääni/län
Belgia	province
Tyskland	Regierungsbezirk
Frankrike	département
Italia	provincia
Nederland	RVV-Kring
Storbritannia	county
Skottland	district, island area
Irland	county
Spania	Provincia
Portugal	distriti, regiao autonoma
Østerrike	Bundesland

ISO-	land	Helsesertifikat
------	------	-----------------

land-kode	93/198/EØF					
		Slakte-dyr annex 1 part 1(a)	Slakte-dyr 1 annex 1 part 1(b)	Produk-sjonsdyr annex 2 part 1(a)	Avlsdyr annex 2 part 1(b)	Offisielt brucel-lose- fritt
AR	Argentina					
AU	Australia					
BY	Hviterussland ¹					
BA	Bosnia-Hercegovina ¹					
BG	Bulgaria ⁵		x ⁵	x ⁵	x ⁵	
CA	Canada ⁴		x ⁴	x ⁴	x ⁴	
CL	Chile			x	x	
EE	Estland		x			
YU	Jugoslavia ¹					
GL	Grønland			x	x	x
IS	Island					
HR	Kroatia ²		x	x	x	
LV	Latvia ³		x			
LI	Litauen ³		x			
MT	Malta		x	x	x	
NZ	New Zealand		x	x	x	
PL	Polen ³		x	x	x	
RO	Romania ³		x	x	x	
RU	Russland					
SK	Slovakia ³		x	x	x	
SI	Slovenia		x			x
CH	Sveits	x		x	x	
CZ	Den tsjekkiske		x	x	x	x
	republikk ³					
HU	Ungarn ³		x	x	x	
UY	Uruguay					
US	USA					

1 Midlertidig importforbud.

2 Midlertidig importforbud for områda Sisacko-Moslavacka, Karolvacka, Licko-Senjska, Brodsko-Posavska, Zadarsko-Kniska, Osjecko-Baranjska, Sivenska, Vukovarsko-Srijemska, Splitsko-Dalmatinska, Dubrovacko-Neretvanska. Utvidet forhåndsvarsel på 48 timer, minst 15 dagers karantene før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke for områda Zagrebacka, Krapinsko- Zagorska, Varazdinska, Koprivnicko-Krizevacka, Bjelovarsko-Bilogorska, Primorsko-Goranska, Viroviticko-Podravska, Pozesko-Slavonska, Istarska, Medimurska og Grad Zagreb.

3 Utvidet forhåndsvarsel på 48 timer, minst 15 dagers karantene før sending, negativ serologi for munn og klauvsjuke.

4 Unntatt Okanagan Balley regionen i Britisk Columbia, definert som en linje fra grensen Canada/USA, lengdegrad (lg) 120 ° 15', breddegrad

(bg) 49 ° , i nord til punkt lg 119 ° 35' bg 50 ° 30' nord-øst til punkt lg 119 ° bg 50 ° 45', i syd til et punkt på grensen mellom Canada - USA lg 118 ° 15' bg 49 ° .

5 Utvida førehandsvarsel på 48 timer. Minst 15 dagers karantene før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuka fra provinsene Varna, Dobrich, Silistra, Choumen, Targovichte, Razgrad, Rousse, V.Tarnovo, Gabrovo, Plevén, Lovetch, Plovdiv, Smolian, Pasardjik, Sofia district, Sofia city, Pernik, Kustendil, Blagoevgrad, Vratza, Montana, Vidin, Mihialovograd, Veliko og Tolbouhin.
